

C. VURDERING AV KONSEKVENSAAR 2013-2016 AV NEDSKJERINGSFØRINGAR FRÅ FORMANNSKAPET

Kva er utgangspunktet:

- Vi startar ulikt – dvs. einingane/ansvarsområda er på ulikt nivå – jfr. analyse utarbeidd av KS
- Årleg har alle ansv.områda fått kompensert faktisk lønsauke (inkl. pensjonsauke) knytt til faste stillingar.
- Vikarkostnader, "bevegelige tillegg" m.m. (helgetillegg, turnustillegg m.m.) er ikkje kompensert tilsvarande. Særleg negativ konsekvens for pleie- og omsorg. Kompensert for 2013 med ca. kr. 300.000.
- Prisauke er gjennom fleire år kun kompensert tilsvarande generell prisvekst i statsbudsjettet. Særleg negativ konsekvens for fellestenestene (ansv. 12) som har ca. 60 % av si nettomramme knytt til felles driftsutgifter for heile organisasjonen - IKT, telefoni, forsikringar, kontingentar m.m. Døme: Forsikringar aukar med 7 % i 2013 – kun kompensert med 2 %. For dei andre einingane har dette mindre betydning.
- Volumauke er ikkje kompensert for - lovpålagde tenester må prioriterast
 - ✓ Auka bygningsmasse – teknisk drift ikkje kompensert
 - ✓ Byggjesak – auka krav til sakshandsaming og kontroll – ikkje tilsvarande kompensasjon
 - ✓ Innføring av eigedomsskatt – meir ressurskrevjande for fellestenestene – ikkje kompensert
 - ✓ Nytt sak/arkiv system – meir ressurskrevjande for fellestenestene – ikkje kompensert
 - ✓ Nytt økonomisystem – meir ressurskrevjande for fellestenestene - ikkje kompensert
 - ✓ Meir komplekse IKT-system – gjeld heile organisasjonen – IKT-drift/fellestenestene er ikkje auka tilsvarande.

Vi arbeider i same mal som vart utlevert til formannskapet i møte 10 og 11. september:

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske? Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Alle tal = heile 1000 kr.

TENESTEOMRÅDE 1 – PLANLEGGING, FORVALTNING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Formannskapet sine føringar for nedskjering:

Ansvarsområde	Framskriva ramme 2013	Føring	Reduksjon 2013 i kr	Reduksjon 2013 i %	Reduksjon 2014-16 i kr	Reduksjon 2014-16 i %
11-12 Økonomi, service og drift		Nedbemanning	610		1 218	
14 Byggesak, oppmåling, brann		Auke brukar-betaling	150		255	
16 Kulturskule +		Auke brukar-betaling + nedbemanning	137 +		137 +	
17 Kultur og idrett			169		280	
42 Teknisk drift		100 % dekning avløp og vatn + færre komm. vegar	250 +		250 +	
60 Landbruk		Kutt gjennomført 2012	300		690	
Sum			1 616		2 830	

Ansvarsområde 11-12 har ei særleg stor utfordring – oppgåvene har auka tilsvarande fleire stillingar:

Rammene er i realiteten redusert årleg – konsekvens er svært store restansar på løpande arbeidsoppgåver – sak/arkiv, eigedomsskatt, rekneskap/utfakturering/innkrevjing. Vi maktar ikkje ta unna løpande arbeidsoppgåver. Utviklingsområde som m.a.IKT vert nedprioritert.

14 Byggesak, oppmåling, brann: Kun midlar i 2013 via investeringsbudsjettet til planleggjarstilling.

Ansvarsområde 42: Rett beløp i år 2014 skal vera kr. 690 - i vedtaket står det kr. 2160.

TENESTEOMRÅDE 2 – PEDAGOGISKE TENESTER

Formannskapet sine føringar for nedskjering:

Ansvars- område	Framskriva ramme 2013	Føring	Reduksjon 2013 kr	Reduksjon 2013 %	Reduksjon 2014+ kr	Reduksjon 2014+ %
Samla oppvekst		1. Feriestengt barnehage minus 1 2. SFO opphaldstid, ein betalingssats 3. SFO auke brukarbet. 4. Færre val barnehage 5. Strukturendring/ Effektivisering	1. 250 2. 90 3. 500 4. 250 5. 1 000	1. 2. 3. 4. 5	1. 250 2. 90 3. 500 4. 250 5. 3 100	
Sum			2 090		4 190	

Kommentarar:

Oppvekst. 2013 Effektiviseringstiltak som ikkje skal gå utover kvaliteten på undervisninga. 2014 vurderer skulestruktur Holdhus – Eikelandsosen. Skulestad begge stadar skal vurderast.

Vedr. punkt 5: Fleire alternativ som alle inneber reduksjon i undervisningstimar.

TENESTEOMRÅDE 3 – HELSE, OMSORG, BARNEVERN OG SOSIALE TENESTER

Formannskapet sine føringar for nedskjering:

Ansvars- område	Framskriva ramme 2013	Føring	Reduksjon 2013 i kr	Reduksjon 2013 i %	Reduksjon 2014- 16 i kr	Reduksjon 2014- 16 i %
18. Legetenesta		Kutt gjennomført 2012				
32. Barn, familie og velferd		Ny stilling til førebygging for barn og unge	0	0	2014: -250 2015-16: -500	
33. Heimetenester		Auka terskel + nedbemanning	0 + 1 500		500 + 2 054	
34. Rehabilitering		Auke brukarbetaling for ambulerande vaktmeister + nedbemanning	90 + 299		90 + 299	
35. FBBS		Ombygging til omsorgs- bustader + Nedbemanning	2 000 + 688		2 000 + 688	
Sum			4 577		2014: 5 381 2015-16: 5 131	

Kommentar: Heimeteneste: Kløvertun dagsenter skal ikkje reduserast.

FBBS: Ikkje realistisk med innflyttingsklare omsorgsbustader 01.01.2013. Samanslåing av 2 avdelingar på FBBS gjer at ein i sum kan redusera ramma med ca. kr. 1.3 mill. i 2013.

Generelt:

Konsekvensane ved så store kutt vert at ein går motsett veg i høve til det samhandlingsreforma legg opp til.

Sett frå ein fagleg ståstad er konsekvensane av å leggja ned dagsenterplassar for eldre større enn konsekvensen av å leggja ned Kløvertun dagsenter/erstatta tilbodet med andre tiltak innanfor ressursane som i dag er knytt til bufellesskapa.

På desse tenesteområda har ein i liten grad funne alternative innsparingsmåtar – alle innsparingsmåtar må iverksetjast...